

Masfjorden Sau og Geit,
v/ leiar Odd H. Midtbø.
Yndesdalsvegen 51,
5986 Hosteland.

Til

Masfjorden kommune

v/ sakshandsamar Sveinung Toft

Innspel til sak om revisjon – miljøforbetringar – i Matrevassdraget og Haugsdalsvassdraget.

Då Masfjorden Sau og Geit representerer saueeigarane i Masfjorden, er det desse fjellområda som gjeld for oss. Beitelaga i områda kring vassdraga vert påverka av tilhøva under sinking som føregår i september og oktober. Hausten 2019 hadde me store utfordringar då elvane var så store at ein ikkje fekk dyra over, og dei måtte gå der i fleire veker etter sinking før ein kunne hente dei heim.

Store nedbørsmengder i denne perioden kan gjere det vanskeleg å kome over elvar. I slike periodar er det ynskjeleg for oss at kraftselskapa køyrer for fullt, slik at elvane blir minst mogleg. Elles er det ynskjeleg med bruar over elvar der ein har opplevd problem med å få dyr og menneske over.

I Matrevassdraget gjeld det:

- Holmevatnet og nedover
- Frå Kvanngrøvatnet og ned Måsedalen.

I Haugsdalsvassdraget gjeld det:

- Øvre Langavatn til Vemundsvatn
- Frå Vemundsvatn til Godbotsvatnet.

Elles har kraftutbyggings vore til stor nytte for saueeigarane. Gode vegar inn i sankeområda og godt samarbeid med BKK sine folk, som er flinke til å melde frå når dei ser dyr. Dette gode samarbeidet håpar ein å ha med seg vidare.

Hosteland 19.04.2021

For Masfjorden Sau og Geit

Odd H. Midtbø

-leiar-